

NORDDAL KOMMUNE
Kontrollutvalet

MØTEINNKALLING

Kopi til: Ordføreren
Revisor
Rådmann

Medlemene av
Kontrollutvalet

INNKALLING TIL MØTE I NORDDAL KONTROLLUTVAL

Det blir med dette kalla inn til møte i kontrollutvalet

**fredag, 17.06.2011 kl. 11.00 på
Rådhuset**

SAKLISTE:

- Sak 01/11 - Godkjenning av møtebok frå møte 3. nov. 2010
- ” 02/11 - Årsmelding 2010 – Norddal kommune
- ” 03/11 - Kommunerekneskapen – 2010 Norddal kommune
- ” 04/11 - Rekneskap 2010 – Norddal Eigedomselskap KF
- ” 05/11 - Vedk. sak 28.10, notat om utbygging av fjørå vassverk – nye opplysningar

Eventuelt

Dersom det er vanskeleg å møte, gje melding på telefon 70 17 21 58 eller 97 60 57 83 til dagleg leiar eller e-post kontrollutval@kontrollutval.no.

Arne Sandnes
leiar
(sign.)

**KONTROLLUTVALET I
NORDDAL KOMMUNE**

MØTEBOK

Møtedato: 3. november 2010
Møtestad: Norddal Rådhus kl 14.00

Møtet vart leia av: Arne Sandnes

Elles til stades: Randi Tafjord

= 2 voterande

Signe Brenna og Frank Iversen hadde meldt forfall.

Frå kontrollutvalsekretariatet møtte dagleg leiar Harald Rogne

Det var ingen merknader til innkalling eller sakliste.

SAK 24/10

GODKJENNING AV MØTEBOK FRÅ MØTE 7. JUNI 2010

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Møtebok frå møte 7. juni 2010 blir godkjent

SAK 25/10

TERTIALRAPPORT 2. TERTIAL 2010 – NORDDAL KOMMUNE

Saksutgreiing datert 26.10.2010 frå kontrollutvalsekretariatet

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet vil ha den økonomiske situasjonen som kjem fram i 2. tertialrapport 2010 til observasjon.

SAK 26/10

**ORIENTERING OM FORNYINGS- OG UTVIKLINGSPROSJEKT
(EIGENKONTROLL I KOMMUNANE)**

Saksdokument datert 26.10.2010 frå kontrollutvalsekretariatet

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tek saka til orientering.

**SAK 27/10
VURDERING AV UAVHENGIGHEIT**

Saksdokument datert 26.10.2010 frå kontrollutvalsekretariatet

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tek saka til orientering.

**SAK 28/10
NOTAT OM UTBYGGING AV FJØRÅ VASSVERK**

Saksutgreiing datert 26.10.2010 frå kontrollutvalsekretariatet med følgjande framlegg til vedtak: Kontrollutvalet går ikkje nærare inn i denne saka.

Kontrollutvalet gjorde slikt samrøystes vedtak:

Dokumenta i saka blir å sende til Kåre Nerhagen slik han får høve til å uttale seg. Kontrollutvalet vil eventuelt kome tilbake til saka dersom Kåre Nerhagen kjem med nye opplysningar.

**SAK 29/10
OM BYGGELØYVE I NORDDAL KOMMUNE**

Saksutgreiing datert 26.10.2010 frå kontrollutvalsekretariatet

Randi Tafjord reiste spørsmål ved eigen habilitet med bakgrunn i brevkorrespondanse med kommunen om byggeverksemd/bruk av strandsone/friareal i Tafjord.

I forvatningslova § 8 2. ledd går følgjande fram om avgjersle av habilitet:

I kollegiale organ treffes avgjørelsen av organet selv, uten at vedkommende medlem deltar. Dersom det i en og samme sak oppstår spørsmål om ugildhet for flere medlemmer, kan ingen av dem delta ved avgjørelsen av sin egen eller et annet medlems habilitet, med mindre organet ellers ikke ville være vedtaksført i spørsmålet. I sistnevnte tilfelle skal alle møtende medlem delta.

Kontrollutvalet fatta deretter samrøystes vedtak om at Randi Tafjord var habil.

Etter drøftingar av realitetane i saka, fann kontrollutvalet å ville utsetje saka.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Saka blir utsett.

Arne Sandnes
leiar
(sign.)

Randi Tafjord
varamedlem
(sign.)

**SUNNMØRE
KONTROLLUTVÅLSEKRETARIAT IKS**

Kontrollutvalet

Dato: 14.06.2011

**SAK 02/11
ÅRSMELDING 2010 – NORDDAL KOMMUNE**

Som vedlegg følger:

- Årsmelding 2010 – Norddal kommune

Etter § 10, 3. ledd i forskrift om årsrekneskap og årsmelding, skal administrasjonssjefen innan 31. mars utarbeide årsmelding, og fremje denne for det organ kommunestyret bestemmer. Dersom årsmeldinga ikkje blir fremja for kontrollutvalet, skal den oversendast kontrollutvalet før kontrollutvalet gir sin uttale til årsrekneskapen.

Årsmeldinga skal ligge føre til behandling i kommunestyret samstundes med at årsrekneskapen blir behandla.

På bakgrunn av ovanstående legg ein saka fram for kontrollutvalet med forslag om slikt

v e d t a k :

Kontrollutvalet tek årsmelding 2010 for Norddal kommune til orientering.

Harald Rogne
dagleg leiar

**SUNNMØRE
KONTROLLUTVALSEKRETARIAT IKS**

Kontrollutvalet

Dato: 14.06.2011

**SAK 03/11
KOMMUNEREKNESKAPEN 2010 – NORDDAL KOMMUNE**

Som vedlegg følger:

1. Revisjonsmelding til kommunerekneskapen 2010 - Norddal kommune
2. Norddal kommune - kommunerekneskapen 2010

Av Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar § 7, framgår det at kontrollutvalet skal gje (desisjons-) uttale om årsregnskapen til kommunestyret før årsrekneskapen blir vedtatt. Kopi av kontrollutvalet sin uttale skal vere formannskapet i hende før formannskapet gjev si innstilling om årsrekneskapen til kommunestyret.

Kontrollutvalet skal kontrollere at årsrekneskapen er ført i samsvar med lover og reglar og om kommunestyret sine målesetjingar er oppfylt. Kontrollutvalet kan følgeleg føreslå endringar i årsrekneskapen, dersom det er skjedd føringar i strid med gjeldande regelverk. Grunnlaget for behandlinga har vore den avlagte årsrekneskapen, revisjonsmeldinga og administrasjonssjefen si årsmelding. I tillegg har ansvarleg revisor og administrasjonen supplert kontrollutvalet med relevant informasjon.

På bakgrunn av ovanstående legg ein saka fram for kontrollutvalet med forslag om slik

uttale :

1. Norddal kommune sin rekneskap for 2010 blir godkjent.
2. Innan enkelte tenestoområde ligg det føre overskridingar i forhold til vedteke budsjett og kontrollutvalet vil presisere at årsbudsjettet er bindande, jf kommunelova § 47 nr. 2.

Harald Rogne
dagleg leiar

Kommunerevisjonsdistrikt nr. 3 i Møre og Romsdal IKS

Vår sakshandsamar:
Knut Gunnar Alnes

Vår dato:
25.05.2011
Dykkar dato:

Vår referanse:
Dykkar referanse:

Kopi: Kontrollutvalet
Formannskapet
Rådmannen

Norrdal kommunestyre

REVISJONSMELDING 2010 – NORDDAL KOMMUNE

Uttale om årsrekneskapen

Vi har revidert årsrekneskapen for Norrdal kommune, som er sett saman av balanse per 31. desember 2010, driftsrekneskap som viser kr 123 734 042,- til fordeling drift og eit rekneskapsmessig meir-/mindreforbruk på kr 0,-, investeringsrekneskap, og økonomiske oversikter for rekneskapsåret avslutta per denne datoen, og ein omtale av vesentlege rekneskapsprinsipp som er nytta, og andre noteopplysningar.

Administrasjonssjefen sitt ansvar for årsrekneskapen

Administrasjonssjefen er ansvarleg for å utarbeide årsrekneskapen og for at den gir ei dekkande framstilling i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapsskikk i Noreg, og for slik intern kontroll som administrasjonssjefen finn nødvendig for å gjere det mogleg å utarbeide ein årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, korkje som følgje av mislegheiter eller feil.

Revisor sine oppgåver og plikter

Oppgåva vår er, på grunnlag av revisjonen vår, å gje uttrykk for ei meining om denne årsrekneskapen. Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god kommunal revisjonsskikk i Noreg, herunder International Standards on Auditing. Revisjonsstandardane krev at vi etterlever etiske krav og planlegg og gjennomfører revisjonen for å oppnå rimeleg tryggleik for at årsrekneskapen ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon.

Ein revisjon medfører utføring av handlingar for å innhente revisjonsbevis for beløpa og opplysningane i årsrekneskapen. Dei valde handlingane avheng av revisor sitt skjønn, herunder vurderinga av risikoane for at årsrekneskapen inneheld vesentleg feilinformasjon, anten det skuldast mislegheiter eller feil. Ved ei slik risikovurdering tek revisor omsyn til den interne kontrollen som er relevant for kommunen si utarbeiding av ein årsrekneskap som gjev ei dekkande framstilling. Formålet er å utforme revisjonshandlingar som er formålstenlege etter tilhøva, men ikkje å gje uttrykk for ei meining om effektiviteten av kommunen sin interne kontroll. Ein revisjon omfattar også ei vurdering av om dei rekneskapsprinsippa som er nytta, er formålstenlege, og om rekneskapsestimata som er utarbeidd av leiinga, er rimelege, og ei vurdering av den samla presentasjonen av årsrekneskapen.

Etter vår meining er innhenta revisjonsbevis tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for vår konklusjon.

Postadresse
Postboks 7734 Spjelkavik
6022 Ålesund

Besøksadresse
Lerstadvægen 645, 4. Etg.
E-postadresse
komrev3@komrev3.no

Telefon
70 17 21 50

Telefaks
70 17 21 51

Bankkonto
6540 05 00465

Foretaksregisteret
NO 971 562 587

Konklusjon

Etter vår meining er årsrekneskapen avgjeven i samsvar med lov og forskrifter og gir i det alt vesentlege ei dekkande framstilling av den finansielle stillinga til Norddal kommune per 31. desember 2010, og av resultatet for rekneskapsåret som vart avslutta per denne datoen i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapsskikk i Noreg.

Uttale om andre forhold*Konklusjon med atterhald om budsjett*

Innan enkelte tenestoområde er det overskridingar i høve vedteke budsjett. Det vert vist til årsmeldinga frå rådmannen, der årsakene til dette er gjort nærare greie for.


Basert på vår revisjon av årsrekneskapen slik den er omtalt ovanfor, meiner vi, med unntak av forholdet nemnt i avsnittet ovanfor, at dei disposisjonar som ligg til grunn for årsrekneskapen er i samsvar med budsjettvedtak, og at budsjettbeløpa i årsrekneskapen stemmer med regulert budsjett.

Konklusjon om årsmeldinga


Basert på vår revisjon av årsrekneskapen slik den er omtalt ovanfor, meiner vi at opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen er konsistente med årsrekneskapen og er i samsvar med lov og forskrifter.

Konklusjon om registrering og dokumentasjon

Basert på vår revisjon av årsrekneskapen slik den er omtalt ovanfor, og kontrollhandlingar vi har funne nødvendige etter internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 «Attestasjonsoppdrag som ikkje er revisjon eller forenkla revisorkontroll av historisk finansiell informasjon», meiner vi at leiinga har oppfylt si plikt til å sørge for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av kommunen sine rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god kommunal rekneskapsskikk i Noreg.



Kjell Bjørnsen
dagleg leiar



Knut Gunnar Alnes
registrert revisor

**SUNNMØRE
KONTROLLUTVALSEKRETARIAT IKS**

Kontrollutvalet

Dato: 14.06.2011

**SAK 04/11
REKNESKAP 2010 – NORDDAL EIGEDOMSELSKAP KF**

Som vedlegg følger:

1. Revisjonsmelding til rekneskap 2010 – Norddal Eigedomsselskap KF
2. Rekneskap 2010 – Norddal Eigedomsselskap KF

Av Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar § 7, framgår det at kontrollutvalet skal gje (desisjons-) uttale om årsrekneskapen til kommunestyret før årsrekneskapen blir vedtatt. Kopi av kontrollutvalet sin uttale skal vere formannskapet i hende før formannskapet gjev si innstilling om årsrekneskapen til kommunestyret.

Kontrollutvalet skal kontrollere at årsrekneskapen er ført i samsvar med lover og reglar og om kommunestyret sine målesetjingar er oppfylt. Kontrollutvalet kan følgjeleg føreslå endringar i årsrekneskapen, dersom det er skjedd føringar i strid med gjeldande regelverk. Grunnlaget for behandlinga har vore den avlagte årsrekneskapen, revisjonsmeldinga og styret si årsmelding. I tillegg har ansvarleg revisor supplert kontrollutvalet med relevant informasjon.

På bakgrunn av ovanstående legg ein saka fram for kontrollutvalet med forslag om slik

uttale :

Norrdal Eigedomsselskap KF sin rekneskap for 2010 blir godkjent.

Harald Rogne
dagleg leiar

Kommunerevisjonsdistrikt nr. 3
i Møre og Romsdal IKS

Vår saksbehandler:
Knut Gunnar Alnes

Vår dato:
14.06.2011
Deres dato:

Vår referanse:
Deres referanse:

Kopi: Kontrollutvalet
Norrdal Eigedomsselskap KF
Rådmannen

Norrdal kommunestyre

REVISJONSMELDING 2010 – NORDDAL EIGEDOMSSELSKAP KF

Uttalelse om særregnskapet

Vi har revidert særregnskapet for Norrdal Eigedomsselskap KF, som består av balanse per 31. desember 2010, resultatregnskap som viser et overskudd på kr 4 265 873,-, oppstilling over endringer i egenkapital og kontantstrømoppstilling, for regnskapsåret avsluttet per denne datoen, og en beskrivelse av vesentlige anvendte regnskapsprinsipper og andre noteopplysninger.

Styret og daglig leders ansvar for særregnskapet

Styret og daglig leder er ansvarlig for å utarbeide særregnskapet og for at det gir et rettviseende bilde i samsvar med regnskapslovens regler, tilleggsbestemmelser i kommuneloven, forskrift om særbudsjett, særregnskap og årsberetning for kommunale og fylkeskommunale foretak og god regnskapsskikk i Norge, og for slik intern kontroll som styret og daglig leder finner nødvendig for å muliggjøre utarbeidelsen av et særregnskap som ikke inneholder vesentlig feilinformasjon, verken som følge av misligheter eller feil.

Revisors oppgaver og plikter

Vår oppgave er å gi uttrykk for en mening om dette særregnskapet på bakgrunn av vår revisjon. Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god kommunal revisjonsskikk i Norge, herunder International Standards on Auditing. Revisjonsstandardene krever at vi etterlever etiske krav og planlegger og gjennomfører revisjonen for å oppnå betryggende sikkerhet for at særregnskapet ikke inneholder vesentlig feilinformasjon.

En revisjon innebærer utførelse av handlinger for å innhente revisjonsbevis for beløpene og opplysningene i særregnskapet. De valgte handlingene avhenger av revisors skjønn, herunder vurderingen av risikoene for at særregnskapet inneholder vesentlig feilinformasjon, enten det skyldes misligheter eller feil. Ved en slik risikovurdering tar revisor hensyn til den interne kontrollen som er relevant for foretakets utarbeidelse av et særregnskap som gir et rettviseende bilde. Formålet er å utforme revisjonshandlinger som er hensiktsmessige etter omstendighetene, men ikke for å gi uttrykk for en mening om effektiviteten av foretakets interne kontroll. En revisjon omfatter også en vurdering av om de anvendte regnskapsprinsippene er hensiktsmessige og om regnskapsestimaterne utarbeidet av ledelsen er rimelige, samt en vurdering av den samlede presentasjonen av særregnskapet.

Etter vår oppfatning er innhentet revisjonsbevis tilstrekkelig og hensiktsmessig som grunnlag for vår konklusjon.

Postadresse
Postboks 7734 Spjelkavik
6022 Alesund

Besøksadresse
Lørstadvegen 545, 4. Etg.
E-postadresse
komrev3@komrev3.no

Telefon
70 17 21 50

Telefaks
70 17 21 51

Bankkonto
6540 05 00465
Forotaksregisteret
NO 971 562 587

Konklusjon

Etter vår mening er særregnskapet avgitt i samsvar med lov og forskrifter og gir et rettviseende bilde av den finansielle stillingen til Norddal Eigedomsselskap KF per 31. desember 2010, og av resultater, endringer i egenkapitalen og kontantstrømmer for regnskapsåret som ble avsluttet per denne datoen i samsvar med regnskapslovens regler, tilleggsbestemmelser i kommuneloven, forskrift om særbudsjett, særregnskap og årsberetning for kommunale og fylkeskommunale foretak og god regnskapsskikk i Norge.

Uttalelser om øvrige forhold*Konklusjon om særbudsjett*


Basert på vår revisjon av særregnskapet som beskrevet ovenfor, mener vi at de disposisjoner som ligger til grunn for særregnskapet er i samsvar med budsjettvedtak, og at budsjettbeløpene i særregnskapet stemmer med regulert særbudsjett.

Konklusjon om årsberetningen

Basert på vår revisjon av særregnskapet som beskrevet ovenfor, mener vi at opplysningene i årsberetningen om særregnskapet og forutsetningen om fortsatt drift er konsistente med særregnskapet og er i samsvar med lov og forskrifter.

Konklusjon om registrering og dokumentasjon

Basert på vår revisjon av særregnskapet som beskrevet ovenfor, og kontrollhandlinger vi har funnet nødvendig i henhold til internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE)3000 «Attestasjonsoppdrag som ikke er revisjon eller forenklet revisorkontroll av historisk finansiell informasjon», mener vi at ledelsen har oppfylt sin plikt til å sørge for ordentlig og oversiktlig registrering og dokumentasjon av foretakets regnskapsopplysninger i samsvar med lov og god bokføringskikk i Norge.



Kjell Bjørnsen
dagleg leiar

**SUNNMØRE
KONTROLLUTVALSEKRETARIAT IKS**

Kontrollutvalet

Dato: 14.06.2011

**SAK 05/11
VEDK. SAK 28.10, NOTAT OM UTBYGGING AV FJØRÅ VASSVERK – NYE
OPPLYSNINGAR**

Som vedlegg følger:

- 2 brev frå Kåre Nerhagen og eit notat frå Norddal kommune.

I førre møte gjorde kontrollutvalet gjorde slikt samrøystes vedtak:

Dokumenta i saka blir å sende til Kåre Nerhagen slik han får høve til å uttale seg. Kontrollutvalet vil eventuelt kome tilbake til saka dersom Kåre Nerhagen kjem med nye opplysningar.

På bakgrunn av framkomne opplysningar kan det vere av interesse å gå nærare inn på denne saka.

På bakgrunn av ovanstående legg ein saka fram for kontrollutvalet med forslag om slikt

v e d t a k :

På bakgrunn av dei opplysningane som kjem fram i siste brevet frå Kåre Nerhagen blir det settt i verk ei nærare undersøking av kommunen si rolle og saksbehandling. Oppdraget blir gitt til kommunerevisjonen.

Harald Rogne
dagleg leiar

NOTAT om utbygging av Fjørå vassverk i 2009.

I samband med utbetring av Fv92 (fabrikkbakken) i Fjørå foretok kommunen ei utbygging av det private vassverket. I den forbindelse stiller mange av medlemne i vassverket nokre spørsmål om både det **formelle og om økonomien**.

I eit kvart tiltak, ikkje minst kommunale, skal det vere ei formell handsaming med vedtak i det/dei organ vedtaket fell inn under.

Vassverket i Fjørå er privat - eigd av medlemne. Det har vore på tale at kommunen burde overta det, men ingen vedtak om det er gjort, korkje av årsmøtet i vassverket eller av kommunen.

I samband med ovannemnte vegutbetring vart det frå kommunen si side innlagt legging av ny vassledning tilkoplå kum nord for vegdelet til Tafjord, i ei lengd av omlag 400 m. Kostnaden i.h. til anbodsdocumenta omlag 750-800.000 kroner. Eit betydeleg beløp sjøl i kommunal samanheng.

Sålangt den vanlege medlem veit, har det ikkje vore gjort noko vedtak i styret for vassverket, og såleis ingen **avtale** med kommunen, korkje om den praktiske eller den økonomisk sida av saka.

Difor heng det nokre interessante spørsmål i lufta:

- Kven har gjort vedtak om at dette skulle gjerast ?
- Er det utarbeidt planer for denne utbygginga?
- Isåfall kven har godkjent planane ?
- Er kostnaden og **finansieringa** godkjent av kommunale organ?
(Det går klart fram av anbodsdocumenta at det er kommunen si sak)
- Kven har ansvaret for feil og vedlikehald på den nye ledninga?
Er den privat eller kommunal ?



Notat

Vår ref.

09/588/M12/YNHO/70258854

Dato:

06.06.2010

Notat vedk. Fjørå vassverk - svar på spørsmål

For ordens skuld vil eg rette opp en feil påstand i notatet.

I notatet står det at *"det har vore på tale at kommunen burde overta det"*.

For ordens skuld vil eg her legge til at:

Årsmøte i Fjørå Vassverk ba styret sende brev til Norddal Kommune, der det vart søkt om kommunal overtaking av Fjørå vassverk.

Norddal kommune har lagt Fjørå Vassverk inn i Hovudvassplanen som det einaste private vassverket. Dette vart gjordt av ulike årsaker.

Både Sylte vassverk og Fjørå vassverk har behov for beredskapsvatn, og søknaden frå Fjørå vassverk var årsaka til at Fjørå vassverk kom med i hovudvassplanen.

Norddal kommune sende søknad til Fjørå vassverk for vassforsyning til Nerhus bustadfelt. Det vart den gangen stilt spørsmål frå aksjonærane om det var nok kapasitet på tilførselsleidninga over fjorden.

Fjørå vassverk og Norddal kommune har etter dette hatt samarbeidsmøte for å finne ut kva som bør gjerast for å sikre vasstilførselen i Fjørå.

Fjørå vassverk har brukt Lars Saga som konsulent, og han har også gått igjennom tilstanden på det tekniske anlegget til Fjørå vassverk

Adm. i Norddal kommune ser på dette som en stor fordel, med tanke på ei evt. Kommunal overtaking.

Hovudleidningen frå renseset og vidare kryssing Fv092 er svært utsatt for rørbrudd, og dette var eit av punkta som vart lista opp i gjennomgangen av det tekniske anlegget.

Det vart sendt søknad til Statens vegvesen om løyve til å legge ned ny vassleidning i den vegstubben som skulle utbedrast. (Fabrikkbakken).

Statens vegvesen såg helst at det var kommunen som stod som eigar av dei leidningane som skulle leggest i Fv 092.

Legging av ny vassleidning vart lagt inn i anbudsgrunnlaget til Statens vegvesen.

Fjørå vassverk skulle betale kostnadane med vassleidninga. Norddal kommune har stått for det praktiske med bestilling av rør og deler. For å halde kostnadane nede har kommunen også stått for kobling av kummar og tilrettelegging. Anlegget er pr.d.d ikkje fullført då det manglar utspylingsrør ved Fjørå Kai. Dette skal Fjørå vassverk fullføre i løpet av sommaren 2010.

Norrdal kommune har engasjert seg i dette prosjektet med tanke på kvalitetsikring av det arbeidet som skulle utførast.

Det vert også vist til " kostnad i.h.h. til anbudsdokumenta om lag 750 000 – 800 000 kroner "

SV: Eg kjenner på ingen måte til dei tala det blir referert til.

Men det som er fakta er at Norrdal kommune fikk inn pristilbod frå fleire leverandørar, og beste tilbod var på -67% frå katalogpris. Rørleidningen på dette anlegget kom på ca. 140 000 kroner, og dette skal Fjørå vassverk betale.

Svar på dei konkrete spørsmåla.

"Kven har gjort vedtak om at dette skulle gjerast?"

SV: Fjørå vassverk.

"Er det utarbeidd planar for denne utbygginga?"

SV: Fjørå vassverk har i sine planar denne utbygginga og fleire punkt dei vil utføre før ei evt. kommunal overtaking.

"I så fall kven har godkjent planane?"

SV: Etter det eg kan forstå så er dette ei sak for Fjørå vassverk. Norrdal kommune har hatt oppfølging med tanke på kvalitetssikring av rørlegging og kobling av kummar.

"Er kostnaden og finansieringa godkjent av kommunale organ?"

(Det går klart fram av anbudsdokumenta at det er kommunen si sak)"

SV: Norrdal kommune har ikkje hatt større utgifter i denne samanheng en det som ligg i hovudvassplanen med tanke på å sikre nok vatn og godt vatn til abonnentane (i dette tilfelle er det også kommunale byggjefelt).

"Kven har ansvaret for feil og vedlikehald på den nye leidninga?"

Er den privat eller kommunal?"

SV: Norrdal kommune har hjulpt Fjørå vassverk med kvalitetskontroll i anleggsperioden, Fjørå vassverk betaler rørleidninga.

Den er privat.

På et årsmøte i Fjørå vassverk kom det innspel frå en aksjonær om å dele ut inneståande pengar til aksjonærane før ei kommunal overtaking vart gjennomført. (Etter det eg har forstått kom dette forslaget frå samme person som har skrevet omtalte notatet til kontrollutvalet).

Dette vart nedstemt og styret har etter dette utspelet samarbeidd med kommunen for å kartlegge naudsynte tiltak for å sikre vatn for framtida. Økonomien i Fjørå vassverk er solid, og styret har utført fleire tiltak siste året.

Heilt til slutt vil eg legge til at styret i Fjørå vassverk har hatt eit positivt samarbeid med Norrdal kommune for å løyse oppgåver. Pengane som står i banken blir brukt til forbedring på anlegget, og det som måtte stå på konto den dagen en evt. kommunal overtaking skal skje vil kome kommunen til gode.

Yngve Hovden
verksemdsleiar

Norddal kontrollutval
v/leiar Arne Sandnes
6210 VALLDAL

Utbygging av Fjørå Vassverk i samband med utviding av Fv92.

Utskrift av sak 28/10: Notat om utbygging av Fjørå vassverk, er mottatt 19.11.10.

Då vi tillot oss å stille nokre spørsmål i saka var grunn den at vi var i tvil om det var følgd vanleg kommunale prosedyrer i **denne** saka. Tvilen har ikkje vorte mindre etter å ha lese orienteringa frå kommunen, som var vedlegg til utskrifta frå Dykk.

Vi tillet oss å kome med nokre merknader, slik vi har fått høve til etter Dykkar vedtak i saka.

Vi knyter no merknaden vår til kommunens svar på våre spørsmål, i same rekkefylgje som går fram av notat, dagsett 06.06.2010 frå verksemdsleiar. For oversikta tek vi oppatt både spørsmål og svar i saka.

Sp.1 : Kven har gjort vedtak om at dette skulle gjerast?

Svar: *Fjørå vassverk.*

Det går **ikkje** fram av møteboka til vassverket at styret/årsmøte har vedteke plan for dette prosjektet og gjort vedtak om at byggearbeidet skulle setast igang, og sjølvsagt då heller ikkje finansiert det.

Dette utbyggingsprosjektet er i det heile tatt **ikkje** nemnt i møteboka!

Når verksemdsleiar på ingen måte kjenner til tala over kostnaden som var nemnt i vårt notat, kan vi opplyse at tallet er tatt frå anbudsdokumenta og gje ein god peikepinn.

Det høyrer til sjeldenheiter at eit prosjekt vert særleg rimlegare enn anbodet.

Vi rekna med at kommunen har ført rekneskap over dei totale kostnader (prosjektrek.) slik at heile kostnaden kan dokumenterast. Når det spesielt vert framheva kva røra kostar, er det den **minste** delen, i dette tilfelle. Det vart sjølsagt sprengt/grave **eiga grøft for vassleidninga** i heile lengda der vegen vart utvida, og i **tillegg** i gamal veg opp til vassverkets eksisterande kum nord for vegdele til Tafford , ialt ca.350 m.

Desse betydelege kostnader må nødvendigvis kommunen ha betalt. Vi fekk ikkje svar på korleis dette er finansiert og kva kommunale organ som har godkjent det.

Det heiter i svaret at vassverket skal betale kr.140.000.

Pr. 08 12 10 har ikkje vassverket fått rekning eller betalt noko i dette prosjektet, ifølgje kasseraren i partslaget.

Sp. 2. Er det utarbeidd planar for denne utbygginga?

Svar: *Fjørå vassverk har i sine planar denne utbygginga og fleire punkt dei vil utføre før ei evt. kommunal overtaking.*

Ut ifrå skriftlege kjelder tydar alt på at Norddal kommune har både planlagt, bygt og finansiert heile prosjektet.

Kostnaden er betydeleg, vi vil tru også i kommunal samanheng, og burde krevje vanleg kommunal handsaming for slike utbyggingssaker. Det er nett det vi etterlyser!

Sp. 3. I så fall kven godkjente planane?

Svar: *Etter det eg kan forstå så er dette ei sak for Fjørå vassverk. Norddal kommune har hatt oppfølging med tanke på kvalitetssikring av rørlegging og kobling av kummar.*

Ja, det burde absolutt vere ei sak for Fjørå vassverk! Viser til merknad til svar 2.

Sp. 4. Er kostnaden og finansieringa godkjent av kommunale organ?

Svar: *Norddal kommune har ikkje hatt større utgifter i denne samanheng enn det som ligg i hovedvassplanen med tanke på å sikre nok vatn og godt vatn til abonnentane (i dette tilfelle er det også kommunale byggefelt).*

Vi kjenner ikkje komunen sin "hovedvassplan". I og med at kommunen ikkje har overtatt Fjørå vassverk, er vel heller ikkje kostnadane finansiert? Når det er vist til at "...i dette tilfelle er det også kommunale byggefelt", må vi berre slå fast at det ikkje er kommunale byggefelt som har tilknytning til **denne** utbygging av vassverket. Alle bustadeigedomar nord for Fv92 (privat felt), fekk vassforsyning då vassverket vart utbygd i 1974/75. **Ingen bustadhus** får forsyning frå den nylagde leidninga, som faktisk er ei blindleidning.

Sp. 5. Kven har ansvaret for feil og vedlikehald på den nye leidninga? Er den privat eller kommunal?

Svar: (avkorta) *Den er privat.*

Dette svaret gjer våre spørsmål høg aktuelle !

Så må vi få lov å sei at verksemdsleiaren sin uttale, som er utheva i parantes, må vel kunne karakteriserast som ein **uverdig uttale i eit offentleg kommunalt dokument!** Vi har difor ingen kommentar bortsett frå at vi kan fastslå at personen som skal ha kome med dette innspelet (jfr. notatet) **ikkje var tilstades på det årsmøte der dette skulle vere reist!!** Uttalen er truleg sikte til årsmøte den 24 april 2009, der saka om kommunal overtaking var oppe.

Det går **ikkje** noko fram av møteprotokollen for styret/årsmøtet at det kom opp spørsmålet om "å dele ut inneståande pengar", og at det på årsmøtet vart "nedstemt" Vidare må vi seie, at: "...styret har etter dette utspelet samarbeidd med kommunen..." er ein merkeleg og fantasifull uttale!

Styret i Fjørå vassverk har i **alle år** hatt eit godt samarbeid med kommunen. Mellom anna var tidlegare teknisk sjef Øystein Klempe ein god rådgjevar for vassverket.

Når verksemdsleiar forskottere ein økonomisk vinst om og når kommunen overtek vassverket, går han nok langt utover sine fullmakter som kommunal sakshandsamar.

Årsmøte den 24 april 2009 gjorde slikt vedtak vedkomande kommunal overtaking:

Årsmøtet går inn for at Norddal kommune tek over Fjørå vassverk A/L vederlagtfritt

Vi må få lov å uttale at vi synest nok at kontrollutvalet har hoppa noko lett over denne saka. Vi er på ingen måte ute etter å ta nokon i saka, men både kommunen (ikkje minst!) og andre, må følgje visse spelereglar. Sian det er kontrollutvalet si oppgåve å sjå til at dette vert gjort i den kommunale forvaltning, såg vi det naturleg å kome med vår henvendelse til Dykk.

Dersom kontrollutvalet finn at alt har gått etter gjeldande kommunal prosedyre, får vi berre tru at så er gjort, - og vi seier oss ferdig med saka.

Fjørå den 11 01 11

Med helsing





Ps.

Grunnen til at dette brev vert sendt først no i mai er kjent for leiaren i kontrollutvalet.

Kopi: Sunnmøre kontrollutvalsekretariat IKS v/Harald Rogne